

# REFERAT MØTE 13/18 – FYLKESVEGRÅDET

Møtedato: 20.12.18 Tid: 08.30-12.00 Møtestad: Fylkeshuset

Møteleiar: Håkon Rasmussen

Referent: Jon-Rune Smørdal

Deltakarar: Frå Statens vegvesen (SVV): Grethe Vikane, Håvard Mørch Hunskaar, Kari Beate Rong, Beate Mæsel, Sindre Lillebø, Øyvind Pedersen (sak3), Kari Elster Moen (sak 4), Magnar Bjerga (sak 5)

Frå Hordaland fylkeskommune (HFK): Håkon Rasmussen, John Martin Jacobsen, Nils Vetlesand, Rolf Rosenlund, Torill Klinker, Jon-Rune Smørdal, Bente Utne, Matti Torgersen, Inge Edvardsen, Eva Vinjevoll, Even Vaular og Gunhild Raddum  
Vegar Eriksen frå Multiconsult møtte i sak 4

Fråvære: Hans-Christian Engum

Kopi til: [Ingrid Holm Svendsen](#) og [Solveig Hollund](#)

## Godkjenning av innkalling og saksliste:

Saksliste og innkalling vart godkjent og to ekstra saker vart meldt inn under ymse:

- Spørsmål som må avklarast rundt gang og sykkel tunnel som skal gå gjennom Løvestakken
- Status for planer for utbetring av fv. 57 Lindås – Mognstad

## Godkjenning av referat frå førre møte:

Referatet frå møtet 08.11.2018 vart godkjent.

## 1. Leveranseavtale 2019

Fylkestinget løyvde 45 mill. kr ekstra til dekkelegging og dette vert lagt inn i leveranseavtale. Noko av ekstraløyvinga må settast av til vegoppmerking for på sikre nødvendig oppmerking etter legging av ny asfalt.

### Tilleggsloøyving søkbare midlar, framdrift og oppfølging

Fylkestinget løyvde 42 mill. kr ekstra til trygg skuleveg og punktutbetring søkbar pott. I budsjettvedtaket står det følgjande:

#### Trygg skuleveg og punktutbetring

Fylkestinget aukar løyvingane til vedlikehald og til mindre investeringar på vegnettet såkalla «punktutbetring» for å medverka til tryggare skulevegar og til meir satsing på samarbeidsprosjektet «Hjertesone» saman med Trygg Trafikk og kommunane. I tillegg skal løyvinga gje oppstart for trafikksikringstiltak i Kvamsbrekka i Lindås, Langhøyane på Radøy og Matre bru i Kvinnherad.

Det er planlagt følgjande prosess: Først meldingssak til MISA og FUV (16. jan + 31. jan.) om innhald, vilkår og prosess. Utlysing av søkbare midlar i starten av 2019 og deretter fremma tildelingssak for MISA ved første høve.

Fylkesvegrådet tilrår i meldingssaka å skissere ei løysing der delar av summen vert sett av til oppfølging prosjekt i Lindås, Radøy og i Kvinnherad, som er nemnt i vedtaket. HFK ønskjer at SVV bidreg til å utgreie omfang og løysing i desse prosjekta.

Resten av midlane settast av til søkbar pott.

### **Dokumentasjon på forsterkningstiltak**

I årsmeldinga skal SVV dokumentere nærare effekten av auka løyving til forsterkningstiltak og vise døme på tiltak som er blitt gjennomført i 2018.

Spesifikasjon av prosjekt/tiltak i fylkesvegbudsjettet 2019 som andre enn SVV skal ha ansvar for å følgje opp økonomisk (haldast utanom leveranseavtalen)

I leveranseavtale vert det spesifisert kva prosjekt/tiltak dette gjeld og det gjeld til dømes

Trolleybusprosjektet (Bybanen utbygging), innfartsparkering (HFK) og kollektivknutepunkt på Odda (Odda kommune).

### **Årshjul og tiltaksplan (vedlegg til leveranseavtalen)**

Utkast til årshjul er sendt til stab i SVV og Budsjettseksjonen. Vegseksjonen må få tilbakemelding om dert er noko som bør korrigerast. Årshjul skal leggjast ved leveranseavtale. I 2019 vert ikkje budsjettprosessen slik som tidlegare på grunn av at ein skal samordne dette for nye Vestland fylkeskommune. Det visast her til sak som vart handsama av Fellesnemnda 19.12.2018.

Tiltaksplanen gjeld ulike utviklingstiltak for SAMS. Tiltak som er tilnærma avslutta skal takast bort frå tiltaksplanen for 2019. Bestilling av ekstra dokumentasjon på forsterkningstiltak vert ført opp som eit tiltak for å understreke at dette er viktig å få fram. Elles vil det i 2019 bli brukt mykje tid og ressursar på å førebu endringane i vegadministrasjon og regionreform som skal gjelde frå 01.01.2020. Dette er definert i eigne prosjekt og er ikkje ein del av tiltaksplanen.

## **2. Prosjektrekneskap – oppfølging av vedtak, v/Bente Utne**

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak juni 2018:

«1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

2. Fylkestinget godkjenner at projektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.»

Altså gjeld dette dei prosjekt der budsjettet ved byggestart (dvs første gong prosjektet kjem inn i investeringsbudsjettet) er større enn:

- 50 mill. kr inkl. mva
- 25 mill. kr inkl. mva og med avvik (pluss/minus) 2,5 mill. kr

Dette antar ein gjeld prosjekt i bompengepakkar og rassikringsprosjekt.

Ein var samde om at prosjekta må avsluttast tidlegare enn ein har gjort før. Det kan avsetjast ein sum til sluttkostnader, og ut over dette må kostnader førast på eige prosjekt for «avslutta prosjekt». Statens vegvesen understreka at rammene må prisjusterast når ein reknar avvika.

Forslag til rutine for fylkesvegprosjektrekneskap

- SVV utarbeider kort notat om prosjektet
  - > Løyvingar til prosjektet, evt inntekter – prisjusterast
  - > Medgåtte kostnader (kun totalsum) – ingen prisjustering – bør spesifiserast pr år
  - > Meir/mindrekostnader
  - > Forklaring
- 
- Uttale frå Deloitte (økonomiavdelinga innhentar)
  - Saksframlegg ved sekretariat for kontrollutvalet – til KUV og TING
  - Saksframlegg (normalt til fylkestinget) ved økonomiavdelinga (tilsvarande eigedom)

### Konklusjon

HFK ber Statens vegvesen om ei oppstilling over aktuelle prosjekt for prosjektrekneskap på i løpet av 2019. Dette gjeld prosjekt ferdigstilt etter fylkestingvedtaket i juni 2018.

### 3. Eigdomsforhold på Kleppestø kai. Øyvind Pedersen frå eigedomsseksjonen i SVV orienterer.

Øyvind Pedersen orienterte om historikken rundt eigdomsforhold på Kleppestø kai. Askøy kommune og SVV har ulike oppfatningar om eigdomsforhold og det har vore ein prosess for å avklare saka. Med utgangspunkt i dokumentasjonen som vart presentert går SVV i ny dialog med Askøy kommune for å få konkludert i saka. SVV rapporterer tilbake til Fylkesvegrådet når skisse til løysing er avklart.

### 4. Standardval på gang- og sykkelvegprosjekt i Os kommune (Hatvikvegen) - drøfte løysingar og vidare oppfølging. v/Kari Elster Moen (SVV) og Vegar Eriksen frå Multiconsult.

Kari Elster Moen presenterte historikken i saka med følgjande oppsummering: Føresetnaden i plan for utbygginga av 1200 bustadar på Bjånes var følgjande:

- GS-veg
- sanering av avkøyrslar langs fylkesvegen
- planskilt kryssing ved kryss Hatvikvegen - Bjånes

Rekkefølgjekrav til utbyggar vart endra og skulle tre inn først etter 200 bustadar var bygd.

Nositasjonen: Det er eit behov for å etablere eit tilbod til mjuke trafikantar for eksisterande busetnad. Os kommune har inngått avtale med utbyggar, som betalar 20 mill. kr til GS-veg på fv.552 mellom kryss Hegglandsdalsvegen – kryss Klyva (ved søknad om igangsetjingstillatelse for bygging av bustader på Bjånes). Kommunen har fått utarbeida ei skisse til forenkla løysing for G/S-veg som SVV og HFK som vegeigar må ta stilling til.

Vegar Eriksen frå Multiconsult har etter oppdrag frå HFK gjort ei fagleg vurdering av dei ulike alternativa til forenkla løysing som kommunen har fått utarbeida. Det er ein del utfordringar med dei skisserte alternativa som må vurderast nærare.


Sidan det er fleire utfordringar med skisserte alternativ frå Os kommune ønskjer vegeigar at SVV, i samarbeid med Os kommune, ser på andre alternativ innanfor regulert løysing, men med redusert omfang for å få ned kostnadane.

**Oppfølging:** Os kommune vert kalla inn til eit møte der dei får tilbakemelding på dei skisserte alternativa og vidare saksang vert avklart. Finansieringsplan må også vurderast nærare.

## 5. Klimabudsjett ved store vegutbyggingsprosjekt, oppfølging av tiltak i handlingsprogram til RTP. Magnar Bjerga frå SVV informerer om status og plan vidare.

Bakgrunn: 12. desember 2016 vedtok fylkestinget at det skal tas i bruk klimabudsjett i samanheng med utbyggingsprosjekt i vegsektoren. Det skal utarbeidast eit arbeidsopplegg for å berekne miljøkonsekvensar av nye vegprosjekt. Dette vart også definert som eit tiltak i handlingsplan til RTP.

Magnar Bjerga informerte om status for miljø og klimaarbeid i regi av SVV. SVV har utarbeida fleire strategidokument og tiltaksplaner, og satt i gang fleire utviklingsprosjekt som er relevant. KraKK-konseptet som er eit viktig prosjekt i denne samanhengen kan kort presenterast på følgjande måte:



Det vart i 2017 satt ned ei arbeidsgruppe med medlemmer frå HFK og SVV som utarbeidde forslag til korleis vedtaket skal følgjast opp. Grappa har rapportert tilbake til Fylkesvegrådet og følgjande er bestemt:

Det skal innførast klimarekneskap for alle fylkesvegprosjekt som løyser ut krav om transportmodell (gjennomført).

Det skal gjennomførast ein pilot for klimaberekning. Piloten vart knytt til prosjektet Fv. 565 Marås-Soltveit, som skal lysast ut i løpet av 2019. Det er lagt inn følgjande tekst i konkurransegrunnlaget:

«32.6 Veg-LCA

Det skal lages et klimaregnskap for prosjektet fv. 565 Marås-Soltveit ved hjelp av livssyklusanalyseverktøyet «Veg-LCA»...

32.7 Studie av myr og klimagassutslipp

*I forbindelse med gjennomføring av VegLCA (tiltak 19 i YM-plan), vil fylkeskommunen via byggherren, gjennomføre et studie for å nyansere utslippstall for ulike myrmasser. Studiet vil bli gjennomført i et eget konsulentoppdrag styrt av byggherre. Dersom det blir behov for befaring på anlegget i forbindelse med studiet vil entreprenøren varsles om tidspunkt og område for befaring på forhånd.»*

I forhold til oppfølging av vedtaket 12. desember 2016 kan det også nemnst at det vart utarbeida rapport om klimarekneskap for Masfjordbrua og for bybaneprosjekt.

Det blir også utarbeida eige klimabudsjett samla for HFK som er ein del av budsjettdokumentet fylkesrådmannen legg fram.

#### **Vidare oppfølging:**

«KraKK prosjektet» blir avslutta 31.12.2018 og Vestland fylkeskommune må ta stilling til korleis arbeidet med klimabudsjett skal følgjast opp vidare. Ein bør etter kvart vurdere å etablere ei ny arbeidsgruppe som tek arbeidet vidare.

Det må vurderast om det er ønskjeleg og mogleg å få til ei enklare løysing for å utarbeide rapport på klimarekneskap på fylkesvegprosjekt som ikkje løyser ut krav til transportmodell. Rapport må då leggst fram som ein del av avgjerdsgrunnlaget før prosjektet vert vedteke gjennomført.

Når fagleg rapport med tilrådingar er utarbeida for klimarekneskap for prosjektet fv. 565 Marås-Soltveit skal denne leggst fram for politisk handsaming.

## **6. Nordrepollen-Austepollen, status og vidare oppfølging, v/Matti Torgersen**

Matti Torgersen informerte kort om bakgrunn og status for utgreiingsprosjektet og gjekk gjennom oppdatert vurdering av dei ulike alternativa.

Konklusjonen så langt er følgjande:

Det er gode argument for tunell mellom Austrepollen-Nordrepollen:

- Låg vegstandard og rasfare
- Overordna fylkesveg
- Kommunesamanslåing aukar behov for effektiv og trygg transport

Reguleringsplanarbeid kan starte i 2020, men det er ikkje midlar til realisering av prosjektet dei første åra. Dersom ein skal ein få realisert prosjektet, ser ein for seg ein kombinasjon av bompengar og rassikringsmidlar. Det er fleire store rassikringsprosjekt under utgreiing, så ein må kome attende til prioritering og framdrift for gjennomføring.

**Oppfølging:** HFK og SVV vil ha ein dialog med kommunane i forhold til finanseiring av vidare planarbeid og framdrift.

## **7. Regionreforma/sams vegadministrasjon – siste nytt**

Rapport frå arbeidsgruppene som gir tilråding for organisering av avdelingane mobilitet og kollektiv, samt infrastruktur og veg er levert og gjort tilgjengeleg for dei tilsette i HFK og SVV. Det vil bli konkludert på organisasjonsmodell rundt 1. februar og deretter starter prosessen for tilsetting/innplassering av mellomleiarar og deretter innplassering av tilsette.

Proessen vidare følgjer eit eige løp og går i andre fora enn Fylkesvegrådet, men vi kan fortsette med å ha ein kort statusrapport Fylkesvegrådet.

## 8. Ymse

### Bestilling av ny hurtigbåtkai på Ranavik

Bestilling av ny hurtigbåtkai på Ranavik vert sendt og prosjektet vert finansiert via investeringsprosjektet infrastruktur, nett og kaier knytt til nye ferjekontraktar.

### Spørsmål som må avklarast rundt gang og sykkel tunnel som skal gå gjennom Løvestakken

Det skal etablerast ein 3 km lang tunnel frå Fyllingsdalen til Kristianborg som skal fungere som evakuerings tunnel for bybanen i tillegg til gang og sykkel tunnel. SVV har fleire spørsmål knytt til drift og overvåking som må avklarast. Fleire gang- og sykkel tunnelar kan bli bygt i framtida, så det er viktig å avklare ansvarsfordeling.

**Oppfølging:** Etter 01.01.2020 vil VLFK være objekteigar av både bybanetunnel og sykkel tunnel. SVV ønsker at FK tek stilling til korleis dei vil overvake tunnel. SVV avklarar føringar i høve til krav for sikkerhet og overvåking med Vegdirektoratet. Andre avklaringar vert gjort i etablert møtestruktur med Bybanen utbygging. Det kan vere aktuelt å inviterte politiet og andre aktørar til eit møte for å drøfte ulike problemstillingar og finne løysingar.

### Status for planer for utbetring av fv. 57 Lindås – Mognstad

Det ligg an til å bli eit kostbart og omfangsrikt prosjektet som per i dag ikkje er finansiert. På nyåret må det avklarast korleis ein skal informere ut om prosjektet og følgje opp dette vidare.